



Kommunal- og regionaldepartementet
Bolig- og bygningsavdelingen
Postboks 8112 Dep.
0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP	
09 DES 2005	Q5 2258 - 133
457.0	B.B. BY / GATH

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykker ref.:

Bergen, 30. november 2005

200307070-324/015/DAHI

NOU 2005:12 - "Mer effektiv bygningslovgivning II" - høyringsfråsegn

Bygningslovutvalets delutredning II er sendt ut på høyring.

Fylkesrådet for funksjonshemma i Hordaland handsama NOU 2005:12 – "Mer effektiv bygningslovgivning II" i rådsmøte 15.11.05, sak 33/05 - og gjorde vedtak om følgjande høyringsuttale:

Kapittel 23 - side 407-420 omhandlar "Tilgjengelighet - universell utforming".

NY FORMÅLSPARAGRAF

1. Fylkesrådet for funksjonshemma registrerer med glede ambisjonen om at alle byggjetiltak skal utformast slik at dei innfrir målsetjinga om "tilgjengelighet for alle uten brukerforutsetninger".

Dette må nedfellast i formålsparagrafen som skal få eit nytt siste ledd som seier:

"Prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn for planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak."

Videre i § 77 - pkt. 1:

"Et hvert byggearbeid skal utføres fagmessig og teknisk forsvarlig slik at det ferdige byggverket tilfredsstiller de krav som er satt til sikkerhet, helse, miljø og brukbarhet i eller i medhold av denne loven".

2. Fylkesrådet er oppteken av at den øvrige lovteksten er så tydelig at desse målsetjingane vert oppnådd. Vidare at saksbehandlingsreglane (SAK), teknisk forskrift (TEK) og rettleiing til TEK (REN) utfyller lovteksten på ein klargjerande og veldefinert måte.
3. Fylkesrådet meiner: TEK må gi ein eintydig definisjon av omgrepene "universell utforming".

På side 409 seiest det at "*"universell utforming er meget godt egnet som en overordnet angivelse på prinsippnivå."*

4. Rådet meiner dette må konkretiserast i lov-/forskriftsteksten.
 - Kva funksjonsnedsettelsar skal bygget gjerast tilgjengeleg for utan brukarforutsetningar (nedsett rørsle, syn, hørsel, forståing, toleranse for miljøpåverknad mv....)?
 - Kor stor del av bygget skal utformast universelt?

5. Fylkesrådet for funksjonshemma meiner ALLE bygningsdeler må utformast slik at dei er "bruksbare" for desse gruppene. Linja må først heilt fram og må gjelda alle kontor, klasserom, skrankar, kantiner, arbeidsplassar, institusjonar.
6. Rådet meiner REN må gå langt i å føreskriva detaljerte løysingar for "brukbarhet". Funksjonskrav er etter vår erfaring utilstrekkeleg og gir rom til for mange utilfredsstillande løysingar. Den tekniske utviklinga f.eks med omsyn til tekniske hjelpeemidlar for høyrselshemma går raskt og bruk av ny teknologi må ikkje bli hemma.

KOMPETANSE PÅ "UNIVERSELL UTFORMING"

Det er ein alminneleg oppfatning at kompetansen på området er låg blant tiltakshavarar, planleggjarar, utførande og hjå styresmaktene.

7. Fylkesrådet for funksjonshemma i Hordaland føresler:
 - Faget "universell utforming" må utviklast på alle felt/saksområder i tråd med pkt. 6 ovanfor.
 - SAK må stilla krav om eigen klasse for sentral godkjenning av planleggjarar og utførande på "universell utforming" slik at lova sin formålsbestemmelse kan realiserast, -jfr. pkt. 3 ovanfor.
 - Inntil sentral godkjenning med hensyn til universell utforming er innført, må all planlegging på alle tiltaksklassar underleggjast kontrollforma "sideordna kontroll" (ikkje eigenkontroll).

MEDVERKNAD I BYGGJESAKSPROSESSEN

8. Fylkesrådet er samnd i at "tilgjengelighet" og "brukbarhet" best kan forbetraast gjennom endringar i saksbehandlingsreglar som omfattar *ansvar, kontroll, tilsyn og lovligheitsoppfølging* -jfr. pkt. 7 over.
9. Rådet meiner det skal vera eit krav at kommunalt råd for funksjonshemma skal innkallast til førehandskonferanse og godkjenna kontrollplan for prosjektering mht. bruk av sentralt godkjende prosjekterande med omsyn til "universell utforming."

INNSLAGSPUNKT FOR UNIVERSELL UTFORMING

Bygningslovutvalet lar hensynet til kostnader og faktiske begrensningar gå foran og vil ikkje senka terskelen for når "universell utforming" skal slå inn ved ombyggningar.
Side 416.

10. Fylkesrådet meiner at terskelen for "tilgjengelighet og brukbarhet" skal senkast slik at heile bygget skal gjevast universell utforming ved hovedombyggningar og *all bruksendring*. Dette vil og vera i tråd med intensjonen i utkast til "antidiskrimineringsslov".

For Fylkesrådet for funksjonshemma i Hordaland

Anne Berit Kolds

sign.
- leiar-



Dagmar Reutz Hillestad
-rådssekretær-